


Korleis ta urinprøve til klamydiatest:

Du kan ta prøven om morgonen eller i løpet av dagen. Laboratoriet treng berre 10-15 ml urin. Det er viktig at prøven ikkje blir tynna ut, det er difor berre dei første 10-15 ml som skal opp i prøveglaset, resten skal du tisse i toalettskåla.

Prøveglaset er så smalt at det beste vil vere å tisse i eit plastbeger eller liknande og helle urinen over i prøveglaset etterpå.

1. Dei første urindropene (10-15 ml) skal samlast i eit plastbeger eller liknande (A).
2. Ikkje fyll på meir urin enn vist på biletet, elles blir prøven usikker.
3. Hell urin opp i prøveglaset (B) til målestrek nummer 2. På biletet er denne målestreken markert med pil.
4. **Skru korken godt fast på prøveglaset (B).**



5. Set prøveglaset (B) opp i transporthylsa (C) og **send prøven i posten same dag.**